



God løysing i båthamna.

Etter ein periode med utfordringar hadde Uskedal Båtlag ekstraordinært årsmøte i kveld. I overkant av 20 medlemmer møtte, og møtet munna ut i gode og samlande vedtak. Fleire av medlemmene rosa styret for god førebuing av sakene.

Første saka var utfordringa om å skaffa hamneplass til dei to skutene til Kåre K. og Terje Rød. Styret la fram forslag om å leggja ein 15 meter lang pir frå den ytterste bølgedemparen og inn mot moloen. Responsen var at dette var ei god løysing som og vert svært rimeleg i og med at laget dermed også får inntekter frå 3 nye båtlagsplasser. Dermed enda denne vanskelege saka med eit einstemmig vedtak. Det er venteliste på båthamns plasser, og det er gledeleg at denne lista med dette vert litt kortare.

Det vart og gjort vedtak som vil medføra endring i dei årlege kostnadene som medlemene må betala for båthamns plassen. Dette vil ikkje føra til dramatisk auke for nokon; enkelte kan derimot få det billigare enn med noverande ordning med god dugnadsinnsats. Prisen vert og i større grad differensiert etter storleiken på plassen.

Til no har alle gjestebåtar betalt same døgnleige. Frå no av vil det verta ein pris for båtar under 35 fot, medan dei som er større vil få ei litt høgare døgnleige. Det vart understreka at det likevel vil vera billig å vera gjest i båthamna.

Styret og leiar Trond L. Myklebust var godt nøgde etter møtet. Medlemmene vil få referat frå møtet tilsendt på epost. Der vil dei få meir detaljert informasjon om sakene. Ein føresetnad er at medlemmene har fulgt opp tidlegare oppfordring om å sende epost-adressa si til båtlaget. Hvis ikkje det er gjort, kan dei sende den til uskedalbatlag@hotmail.no, og då vil dei få referatet tilsendt.

Av Thor Inge Døssland